

Det fjerde karusellrennet

04.03.2009

Karusellrenn nummer fire denne vinteren er avvikla i Tveitedalen med fleire klassevinnarar frå Uskedalen.

For å starta med dei eldste gjekk Pål Haugland 10 kilometer på 38,50 i klasse menn 61-65 år og Bjarne Lilleaas gjekk same distansen på 39,24 i klasse 56-60 år.

Kurt Haugland var fjordemann med 41,53 i klasse 51-55 år, som også gjekk ei mil.

I kvinner 21-35 år (5 kilometer) gjekk Sara H. Arnesen på 22,05.

I jenter 13 år (3 kilometer) vann Kari Bråtun på 16,04 foran Katrine Y. Røssland med 18,38.

I jenter 11 år (2 kilometer) gjekk Maren Bjørnebøle på 18,35. medan Karsten A. Haugland gjekk på 25,25 i gutar 10 år.